
Arkivkode:
Saksnummer: 2015/3180

Orienteringssak: **b**
Møte: 5. november 2015

Rekneskapsrapport per september 2015

Bakgrunn

Per september 2015 har kostnadane vore ca. 10 millionar kroner lågare enn inntektene på grunntildelinga (GB). Driftsresultatet er dermed ca. 30 millionar kroner betre enn budsjettert per september, og det skuldast både at inntektene har vore høgare enn budsjettert og at kostnadane har vore lågare enn budsjettert. Prognose for overføring til 2016 på GB er per september på 5 mill. kroner.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har per september vore på ca. 258 mill. kr. Dette er ca. 19 mill. kr lågare enn budsjett per september, men ein auke på ca. 15 mill. kr (6,1 %) samanlikna med same periode i fjor. Avviket frå budsjett skuldast hovudsakeleg NFR-bidragsaktivitet, medan auken samanlikna med september 2014 i stor grad skuldast EU-bidragsaktivitet. Aktivitetsprognosen på 364 mill. kroner viser at fakultetet per september ventar at aktiviteten vil verte noko lågare enn budsjettert i 2015. Innbetalingane frå BOA har per september vore tydeleg høgare enn både budsjetterte innbetalningar og innbetalningar i same periode i fjor. Innbetalingsprognosen på 357 mill. kroner viser at fakultetet per september ventar at innbetalingane for året sett under eitt også vil vere noko høgare enn budsjettert. Fakultetet ventar å bygge ned overføringane på BOA med 7 mill. kroner i 2015.

Fakultetsdirektørens kommentar

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er prega av at det dei siste åra har vore store svingingar i resultatutsette inntekter, samt av at det tek tid å tilpasse seg ein situasjon der ein stadig større del av inntektene vert konkurranseutsett. Dette var tema på økonomimøter med institutta tidlegare i år, og er fokus i den pågåande prosessen for ein bærekraftig langsiktig fakultetsøkonomi.

Fakultetet overførte overskot til 2015 og har driftsoverskot per september. Prognose for overføring er per september på 5 millionar kroner. Fakultetet har fokus på å betre økonomistyring, men eigenandelar og toppfinansiering gjer det vanskeleg å anslå akkurat når midlane vert brukt. Forventa overføring er knytt til forseinkingar i BOA og innkjøp av utstyr.

Fakultetet har vidare fokus på å auke inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA), og har i 2015 tydeleggjort sine bidrag inn mot slike prosjekt for å auke insentiveffekten.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per september 2015 til orientering.

Bergen, 30. oktober 2015


Elisabeth Müller Lysebo
Fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per september 2015


Økonomirapport MN per september 2015

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per september 2009-2015




Figur 2 Utvikling BOA per september 2009-2015



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per september i perioden 2009-2015, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 4,8 % per september i perioden 2009-2015, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg auka på 7,1 % i same periode. Prosentvis har auken i inntekter på BOA altså vore høgare enn auken på GB per september, men det har også vore tydeleg meir variasjon i inntekter på BOA. På årsbasis er prosentvis vekst i perioden 4,5 % for både GB og BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2015. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Innkjøp av tungreknemaskin førte til høg aktivitet i 2012, og per september 2015 er aktiviteten på same nivå som per september 2012. NFR-bidragsaktiviteten er høg, pga. innkjøp av nasjonal infrastruktur, men lågare enn i same periode i 2012. EU-bidragsaktiviteten er per september tydeleg høgare enn den har vore tidlegare i perioden.

Per september 2015 kjem 38,8 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 36,4 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadar GB og BOA per institutt per september 2015



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Institutt for fysikk og teknologi (IFT), Geofysisk institutt (GFI) og Institutt for geovitenskap (GEO) er 50 % eller meir av aktiviteten finansiert av BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per september 2015 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr september 2015	Rekneskap pr september 2015	Avvik pr september 2015	Avvik %	Rekneskap pr september 2014	Endring frå september 2014
Inntekter frå KD		-596 677	-434 138	-435 070	933	0,2 %	-413 985	5,1 %
Andre inntekter		-14 000	-3 567	-12 080	8 514	238,7 %	-11 588	4,3 %
Inntekter		-610 677	-437 704	-447 151	9 446	2,2 %	-425 573	5,1 %
Investeringar		25 482	9 474	8 282	1 192	12,6 %	8 437	-1,8 %
Lønskostnadar		465 753	334 611	330 712	3 899	1,2 %	314 962	5,0 %
Andre driftskostnadar		83 597	67 627	67 571	56	0,1 %	65 981	2,4 %
Internhandel med meir		51 666	46 591	30 859	15 732	33,8 %	45 642	-32,4 %
Kostnadar		626 498	458 302	437 423	20 878	4,6 %	435 021	0,6 %
Driftsresultat		15 821	20 597	-9 727	30 325		9 449	
Saldo overført frå forrige år		-15 821	-15 821	-15 821	0		-28 174	
Saldo overført til neste periode	5 000	0	-4 776	25 549	-30 325		18 725	
Sum		0	0	0	0		0	

Driftsresultatet på GB er per september på ca. 9,7 millionar kroner, og fakultetet har dermed overføringar på ca. 25,6 millionar kroner per september. Dette er ca. 30,3 millionar kroner høgare enn budsjettert og 6,8 millionar kroner høgare enn på same tid i fjor.


Inntektene på GB er per september ca. 9,5 millionar kroner (2,2 %) høgare enn budsjettert, og 21,6 millionar kroner (5,1 %) høgare enn på same tid i fjor. Det er eit mindre, positivt periodeavvik i inntektene frå KD, og fakultetet har per september ikkje inntektsreduksjon knytt til lediggang i rekrutteringsstillingar. Andre inntekter har vore ca. 8,5 millionar kroner høgare enn budsjettert. Delvis skuldast dette periodeavvik, men instituttinntektene ventast å verte noko høgare enn budsjettert for året sett under eitt. Instituttinntektene var i 2014 på i underkant av 18 millionar kroner, og instituttinntektene er per september høgare enn på same tid i fjor.

Kostnadane på GB er per september ca. 20,9 millionar kroner (4,6 %) lågare enn budsjettert, men omtrent på same nivå som per september 2014. Avviket frå budsjett skuldast i stor grad at netto interne kostnadar har vore lågare enn budsjettert, men også lønnskostnadar og investeringskostnadar har vore lågare enn budsjettert. Avviket i netto interne kostnadar skuldast i stor grad at netto inntekter frå BOA til GB (netto overhead, frikjøp og leigestadsinntekter) har vore høgare enn budsjettert ved fleire av institutta, og høgare enn i same periode i fjor. Avviket i lønnskostnadar skuldast delvis høgare refusjon av sjukepengar og foreldrepengar enn budsjettert, spesielt på stipendiatprosjektet. Lønn til fast tilsette har også vore lågare enn budsjettert, medan lønn til midlertidig tilsette og andre godtgjeringsar har vore høgare enn budsjettert.

Samanlikna med same periode i fjor, har lønnskostnadane på GB auka med 5,0 % og lønnskostnadane utgjer dermed 75,6 % av kostnadane per september 2015, mot 72,4 % per september 2014.


På motpart 81 har avskrivningane vore ca. 0,6 mill. kroner høgare enn investeringane. Investeringane har vore ca. 3,6 mill. kroner høgare enn i same periode i fjor, hovudsakeleg pga. innkjøp av ROV ved GEO, medan avskrivningane har auka med ca. 3,8 mill. kroner samanlikna med same periode i fjor.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2015 (tal i 1000 kr)



Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnader på GB per måned for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser er det noko avvik mellom budsjett og rekneskap, og det er noko større svingingar i rekneskapen enn i budsjettet, men rekneskapen følgjer i relativt stor grad same mønster som budsjettet.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per september og tildeling 2015



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiatar- og postdoktorårsverk i 2015 samanlikna med årets tildeling per institutt. Som figuren viser har somme av institutta lediggang i rekrutteringsstillingar, medan andre har hatt fleire årsverk enn dei får inntekter for per september. Samla sett har fakultetet ingen lediggang i rekrutteringsstillingar per september.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per september 2015 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Årsbudsjett 2015	Budsjett pr september 2015	Rekneskap pr september 2015	Avvik pr september 2015	Avvik %	Rekneskap pr september 2014	Endring frå september 2014
Tilskot/Innbetalningar								
	Norges forskingsråd	-230 000	-161 895	-180 819	18 924	11,7 %	-153 960	17,4 %
	EU	-32 000	-9 783	-19 611	9 828	100,5 %	-21 990	-10,8 %
	Andre bidrag	-83 000	-42 682	-62 376	19 694	46,1 %	-62 266	0,2 %
	Oppdrag	-3 000	-2 743	-3 829	1 086	39,6 %	-204	1774,2 %
	Sum	-348 000	-217 103	-266 636	49 533	22,8 %	-238 420	11,8 %
Aktivitet/kostnader								
	Norges forskingsråd	245 000	182 794	150 027	32 767	17,9 %	148 906	0,8 %
	EU	33 500	26 309	34 513	-8 204	-31,2 %	21 507	-60,6 %
	Andre bidrag	96 000	65 921	72 010	-6 089	-9,2 %	70 384	2,3 %
	Oppdrag	4 500	2 675	1 860	815	30,5 %	2 714	-31,5 %
	Sum	379 000	277 698	258 409	19 289	6,9 %	243 510	6,1 %
Saldo overført frå forrige år								
	Norges forskingsråd	-10 308	-10 308	-10 308	0	0,0 %	-30 387	-66,1 %
	EU	-31 055	-31 055	-31 055	0	0,0 %	-35 456	-12,4 %
	Andre bidrag	-44 192	-44 192	-44 192	0	0,0 %	-50 122	-11,8 %
	Oppdrag	-3 737	-3 737	-3 737	0	0,0 %	-4 364	-14,4 %
	Sum	-89 292	-89 292	-89 291	-1	0,0 %	-120 328	-25,8 %
Saldo overført til neste periode								
	Norges forskingsråd	-4 692	-10 591	41 100	-51 691	-488,1 %	34 134	20,4 %
	EU	29 555	14 529	16 153	-1 624	-11,2 %	37 246	-56,6 %
	Andre bidrag	31 192	20 953	34 558	-13 605	-64,9 %	42 004	-17,7 %
	Oppdrag	2 237	3 805	5 706	-1 901	-50,0 %	1 854	207,7 %
	Sum	58 292	28 697	97 517	-68 821	-239,8 %	115 238	-15,4 %
Sum		0	0	0	0		0	

Samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har vore ca. 19,3 millionar kroner (6,9 %) lågare enn budsjettert per september, på grunn av at NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har vore lågare enn budsjettert. Avviket i NFR-bidragsaktivitet er i stor grad knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur og skuldast mellom anna at innkjøp av NMR-maskin ikkje vil verte gjennomført før i

2016. Ei mindre NMR-maskin, som er del av eigenandelen på prosjektet, ventast derimot levert i inneverande år. Ved GEO har det vore aktivitet knytt til innkjøp til ROV og EARTHLAB, men noko mindre enn budsjettert per september.

Samanlikna med same periode i fjor har aktiviteten auka med ca. 14,9 millionar kroner (6,1 %). NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle auka, medan oppdragsaktiviteten er redusert.


Innbetalingane frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har per september vore ca. 49,5 millionar kroner (22,8 %) høgare enn budsjettert og ca. 28,2 millionar kroner (11,8 %) høgare enn i same periode i fjor. Innbetalingane har vore høgare enn budsjettert for alle finansieringskjeldene, medan auken samanlikna med same periode i fjor hovudsakeleg skuldast høgare innbetalingar frå NFR-bidragsaktivitet, i stor grad knytt til nasjonal infrastruktur, men også auke i innbetalingar frå oppdragsaktivitet ved Institutt for biologi (BIO) samanlikna med same periode i fjor.

På grunn av at aktiviteten har vore lågare og innbetalingane høgare enn budsjettert, er overføringane på BOA per september på 97,5 millionar kroner. Dette er ca. 68,8 millionar kroner (239,8 %) høgare enn budsjettert, men ca. 17,7 millionar kroner (15,4 %) lågare enn på same tid i fjor.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per september 2015 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	0	370	0	62	-44	42	1 431	0	1 860
2. NFR - bidragsaktivitet	0	8 655	8 419	28 784	7 482	5 503	19 494	42 588	28 167	934	150 027
3. EU - bidragsaktivitet	0	296	4 405	6 774	1 100	6	4 984	8 247	8 702	0	34 513
4. Annen bidragsaktivitet	2 544	4 312	4 335	15 048	1 782	5 146	7 050	21 959	9 832	0	72 010
Sum	2 544	13 263	17 159	50 976	10 365	10 716	31 484	72 836	48 132	934	258 409
Prosent av samla BOA	1,0 %	5,1 %	6,6 %	19,7 %	4,0 %	4,1 %	12,2 %	28,2 %	18,6 %	0,4 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per september 2015 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per september 2015. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktiviteten har vore størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Størst aktivitet har det vore ved GEO, IFT og BIO, og desse institutta står per september for 66,5 % av samla aktivitet ved fakultetet.

Tabell 4 Utvikling i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet 2013-2015 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Prognose 2015
Tilskot/Innbetalningar					
	Norges forskingsråd	-180 711	-196 422	-230 000	-245 000
	EU	-50 392	-24 966	-32 000	-25 000
	Andre bidrag	-139 622	-99 435	-83 000	-83 000
	Oppdrag	-6 671	-4 669	-3 000	-4 000
	Sum	-377 395	-325 492	-348 000	-357 000
Aktivitet/kostnader					
	Norges forskingsråd	156 160	216 372	245 000	225 000
	EU	23 910	30 674	33 500	38 500
	Andre bidrag	110 448	104 257	96 000	96 000
	Oppdrag	5 872	5 295	4 500	4 500
	Sum	296 389	356 599	379 000	364 000
Saldo overført frå forrige år					
	Norges forskingsråd	-2 057	-31 231	-10 308	-10 308
	EU	-10 793	-35 456	-31 055	-31 055
	Andre bidrag	-19 676	-49 277	-44 192	-44 192
	Oppdrag	-3 564	-4 364	-3 737	-3 737
	Sum	-36 091	-120 328	-89 292	-89 292
Saldo overført til neste periode					
	Norges forskingsråd	27 599	11 280	-4 692	30 308
	EU	37 276	29 749	29 555	17 555
	Andre bidrag	48 850	44 455	31 192	31 192
	Oppdrag	4 364	3 737	2 237	3 237
	Sum	118 089	89 221	58 292	82 292
Sum		991	0	0	0

Fakultetet har budsjettert med bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet på 379 millionar kroner i 2015, og innbetalingar frå denne aktiviteten på 348 millionar kroner. Som vist i prognose 2015 ventast aktiviteten å verte noko lågare enn budsjettert, medan innbetalingane ventast å verte noko høgare. Begge prognosane er auka noko sidan førre rapportering.

Fakultetet held fast på prognosane for NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet frå førre rapportering, men aukar prognosen for annan bidragsaktivitet til lik budsjett. NFR-bidragsaktivitet ventast å verte lågare enn budsjettert, pga. at innkjøp av NMR-maskin ved Kjemisk institutt (KI) ikkje ventast gjennomført før i 2016. EU-bidragsaktiviteten ventast å verte høgare enn budsjettert, mellom anna på grunn av nye prosjekt ved GFI. Prognosen for annan bidragsaktivitet var tidlegare lågare enn budsjettert pga. at institutta meldte om låg forventa aktivitet. Per september har aktiviteten vore ca. 6 millionar kroner høgare enn budsjettert, og institutta melder at aktiviteten ventast å verte omtrent som budsjettert.

Fakultetet har per september hatt ca. 50 millionar kroner høgare innbetalingar enn budsjettert. Prognosane for innbetaling er derfor auka for NFR-bidragsaktivitet, annan bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet. Innbetalingane frå NFR-bidragsaktivitet ventast å verte ca. 15 millionar kroner høgare enn budsjettert, hovudsakeleg fordi innbetalingane knytt til nasjonal infrastruktur ventast å verte noko høgare enn det var tatt høgde for i budsjettet. Innbetalingar frå annan bidragsaktivitet var tidlegare venta å verte lågare enn budsjettert, men per september er innbetalingane høgare enn budsjettert og tilbakemeldingane frå institutta tyder på at innbetalingane vil verte som budsjettert eller noko høgare. Innbetalingar frå oppdragsaktivitet er per september høgare enn årsbudsjett. Innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet ventast framleis å verte lågare enn budsjettert.

Etter justering av prognosane er prognose for innbetalingar 7 millionar kroner lågare enn aktivitetsprognosen. Fakultetet ventar dermed framleis at overføringane på BOA vert reduserte i 2015, men at reduksjonen vil verte mindre enn tidlegare antatt.

Det er framleis meir usikkerheit enn ønskjeleg knytt til prognosane på BOA gjennom året, og fakultetet har gjennomført fleire tiltak med sikte på å betre treffsikkerheita i prognosane.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

Prognose for overføring til 2016 på GB for SKD er auka noko, til 8,8 millionar kroner, fordi ein no ventar noko meir forseinkingar enn ein tidlegare hadde tatt høgde for. Senteret overførte 16,8 millionar kroner frå 2014, og SKD melder at styret for senteret har godkjent auka forbruk i 2015 og 2016 med formål om å byggje ned overføringane.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).